



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Sara Brattfjell Hegglund		2024/1318-54	«REF»	20.06.2025

Kunngjering av vedtak - Endring etter forenkla prosess - Detaljreguleringsplan for 163/1, 163/4, 163/14 og 163/15 - Akvakulturanlegg Øyarhamn

Plan, teknikk og miljøutvalet vedtok i møte 10.06.2025 endring av detaljreguleringsplan for 163/1, 163/4, 163/14 og 163/15 - Akvakulturanlegg Øyarhamn (PlanID 201200010) etter forenkla prosess jf. plan- og bygningslova § 12-14. Planområdet omfattar eksisterande akvakulturanlegg i Øyarhamn på Varaldsøy. Det gjelder akvakulturlokalitet 12032. Omega 365 Areal søkte om endringa på vegne av forslagstillar MOWI ASA.

Om endringa

Det vart søkt om endring etter forenkla prosess med føremål om å leggje til rette for utviding av kaianlegg, sjøpumpeanlegg og småbåtanlegg med justeringar i plankart og føresegn. Eksisterande detaljregulering var vedtatt 25.04.2013 etter plan- og bygningslova av 2008.

Som følgjer av at plangrunnlaget er eldre enn 10 år er det gjennomført justeringar med føremål om å sikre eit plangrunnlag som i større grad er oppdatert. Endringane omfattar dokumentasjons- og rekkefølgekrav i forhold til massehandtering, avfallshandtering, energi, vegutbetring, vatn- og avløp, utsleppsløyve, luftforureining og vidare krav om at det skal utarbeidast illustrasjonar som syner påverknad på omgjevnadane på byggesaksnivå. SEKFRAK-registeret bygningar som er fjerna og faresone for høgspent er tatt ut av planen.

Det er samstundes utarbeida kunnskapsgrunnlag for naturmangfald i sjø, og gjennomført geoteknisk vurdering i samsvar med NVE veileder 1/2019 Sikkerhet mot Kvikkleireskred. Det er vidare lagt inn flaumsone ved Øyarhamnselva vist som omsynssone. ROS-analyse er oppdatert på bakgrunn av nytt kunnskapsgrunnlag.

Les meir om endringa i plandokumenta som er tilgjengeleg i planregisteret:

<https://www.arealplaner.no/kvinnherad4617/arealplaner/248?term=%C3%B8yarhamn>

Vi ber om at de tar kontakt med Kvinnherad kommune ved plankontoret dersom de ikkje får lasta ned digitale plandokument i planregisretet.

Detaljreguleringa er straks binande for framtidig arealbruk og tiltak innanfor planområdet.

Om klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast av den part som har rettsleg klageinteresse i saka jf. forvaltningslova (fvl) § 28, og klagefrist er 3 veker frå tidspunktet vedtaket har kommen til parten jf. fvl § 29. Vedtaket er kunngjort med brev til partane i saka. Klage må grunngjevast, og merkast med saksnummer 2024/1318.

Klage kan sendast til post@kvinnherad.kommune.no, eller som brev til Kvinnherad kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 Rosendal.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Sara Brattfjell Heggland
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.